

Notat

Til: Hovudutval næring og kultur

Frå: Fylkesdirektøren

Den kulturelle spaserstokken 2020 - Tildelingar

Etter fullmakt har fylkesdirektøren fordelt midlar avsett i budsjett 2019 (teneste 7710 Kunstformidling) til kommunane til arbeidet med Den kulturelle spaserstokken i 2020.

Bakgrunn

Den kulturelle spaserstokken vart etablert i 2007 og er ei ordning som skal formidle kulturtilbod til eldre. Midlane er lagt inn i rammetilskotet til fylkeskommunane og Sogn og Fjordane sin del av dette i 2020 er 921 000 kr. Det er kommunane som kan søkje og for 2020 er det 19 kommunar som har søkt midlar.

Den kulturelle spaserstokken skal leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at gode lokale kunst- og kulturprosjekt for eldre kan utviklast innan eit mangfald av sjangrar og uttrykk. Løyvingane skal hovudsakleg nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, gjerne i samarbeid med kunstnarar, kunst- og kulturinstitusjonar og andre kulturformidlarar på lokalt eller regionalt nivå. Det er viktig at kulturtilbodet er tilpassa til eldre, og at det er tilgjengeleg på arenaer der eldre har moglegheit til å delta. Eit god samarbeid mellom kultur og helsesektor er også ein viktig føresetnad.

Rapport om gjennomføring

Tilskotet gjeld for 2020 og vert betalt ut i desember 2019, på vilkår av at det er levert rapport for eventuell løyving i 2018. Tilskotet må gjennomførast i samsvar med planar i søknaden.

Mål og evaluering av søknadane

Fordelinga er gjort i høve dei mål som er sett for ordninga, som er:

- å sørgje for profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet til eldre
- å leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at det kan utviklast gode lokale kunst- og kulturprosjekt, innan eit mangfald av sjangrar og uttrykk

Følgjande punkt er lagt til grunn for løyvingane:

- medverke til at eldre får eit tilpassa kulturtilbod på arenaer der dei eldre held til i dagleglivet
- alle kommunane som har søkt skal få tildelt tilskot
- god søknad/innhald
- god rapportering/innhald
- godt samarbeid mellom kultur og helsesektor
- nyskaping og utvikling
- gjennomføringsevne
- gode tilbod til mange
- folketal (innbyggjarar over 67 år)

Vedtak om fordeling av midlane

Det er varierende innhald i søknadane, men alle kommunar som søker får tilskot. Folkemengd over

67 år, kvalitet og innhald i søknaden samla, og rapport frå 2018 vert lagt vekt på. Gjennomgåande viser kommunane tverrsektorielt samarbeid, og samarbeid med frivillige lag og organisasjonar og profesjonelle aktørar.

Løyvingane til Den kulturelle spaserstokken 2020 fordeler seg slik:

Askvoll kommune	Kr. 50 000
Aurland kommune	Kr. 40 000
Bremanger kommune	Kr. 40 000
Eid kommune	Kr. 35 000
Fjaler kommune	Kr. 40 000
Flora kommune	Kr. 70 000
Gulen kommune	Kr. 30 000
Hyllestad kommune	Kr. 40 000
Høyanger kommune	Kr. 45 000
Luster kommune	Kr. 50 000
Lærdal kommune	Kr. 35 000
Selje kommune	Kr. 35 000
Sogndal kommune	Kr. 85 000
Solund kommune	Kr. 35 000
Stryn kommune	Kr. 45 000
Sunnfjord kommune	Kr. 120 000
Vik kommune	Kr. 35 000
Vågsøy kommune	Kr. 45 000
Årdal kommune	Kr. 46 000
Sum	Kr. 921 000